



Innkalling  
av  
Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 28.04.2020  
**Møtestad:** Teams  
**Møtetid:** 12.00 - 18.00

Eventuelle forfall må meldast til <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-oghoeringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sak 020/20 "Tilskotsordningar Kultur - hovudtildeling" vert ettersendt som Tilleggsinnkalling.

### Sakliste

Saknr	Tittel
015/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/20	Godkjenning av møteprotokoll – 10.03.2020
017/20	Forskrift om opptaksområde/ kringgrenser for grunnskulane i Alver kommune
018/20	Prioritering søknader lokale kulturbygg Vestland fylkeskommune
019/20	Meldingar og orienteringar til OKK - 28.04.2020

21. april 2020

Christel Villanger Håland  
møteleiar

Nora M. K. Gjerde  
møtesekretær

**Arkiv:**

**JournalpostID:**

**Saksbehandlar:**

**Dato:** 21.04.2020

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Møtedato</b>
015/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	28.04.2020

**Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:**

**JournalpostID:**

**Saksbehandlar:**

**Dato:** 14.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
016/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	28.04.2020

**Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Vedlegg i saken:**

10.03.2020      Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur -      1362195  
10.03.2020



## Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

**Møtedato:** 10.03.2020  
**Møtestad:** Nordhordlandshallen, kantina  
**Møtetid:** 12.00 - 14.55

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Thea Risøy	KRF	Nestleiar
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	FNB	Medlem
Svein Hagesæter	FNB	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Jon Askeland	SP	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem
Andre Fresvik	SV	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstatter medlem</b>
Sean Røskeland	H	Christel Villanger Håland
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Jon Askeland
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger

---

### **Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Eirik Bouwer Utne-kultursjef, Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse, Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Leif Bjørnar Hopland-rådgjevar Oppvekst stab, Robert Lorang Hansen-spesialkonsulent, ungdom, fritid og medverknad, Rolf Raknes-fagleiar Areal og samfunn, Nora Gjerde-sekretær

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
008/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/20	Godkjenning av møteprotokoll
010/20	Retningslinjer Ungdomsrådmidlane
011/20	Forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune - Høyring
012/20	Prosedyre for opptak på annan skule enn nærskulen i Alver kommune
013/20	Prosedyre for tildeling av skuleskyss i Alver kommune
014/20	Meldingar og orienteringar til OKK

### **008/20: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020:**

#### **Behandling:**

Ingen merknader, samrøystes.

#### **OKK- 008/20 Vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

### **009/20: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokollen vert godkjent.

## **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020:**

### **Behandling:**

Møteprotokoll frå møte - 03.02.2020 vert godkjent, samrøystes.

### **OKK- 009/20 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte - 03.02.2020 er godkjent.

## **010/20: Retningsliner Ungdomsrådmidlane**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner retningsliner for Ungdomsrådmidlane slik deg ligg ved i saka.

## **Ungdomsråd 05.03.2020:**

### **Behandling:**

Orientering i saka v/Ebbe Io og Robert Lorang Hansen.

Felles framlegg frå Alver ungdomsråd:

Framlegg til retningsliner for ungdomsrådsmidlane vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

Under punkt 2. krav til søkar, etter "ein kan søka om støtte til samarbeidsprosjekt (minst 2 aktørar)." tilføye "Til dømes minst 3 ungdom (aktør) og eit Ungdomslag (aktør) i samarbeid."

Under punkt 3. kva og kor mykje kan du søka om? og under støtte. Etter "Inntil 15000,- per søknad" tilføye "Alver Ungdomsråd kan i særlege tilfelle vurderer høgare støtte til søknaden".

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **UR- 012/20 Vedtak:**

Framlegg til retningsliner for ungdomsrådsmidlane vert vedtekne slik dei ligg føre med følgjande endringar:

Under punkt 2. krav til søkar, etter "ein kan søka om støtte til samarbeidsprosjekt (minst 2 aktørar)." tilføye "Til dømes minst 3 ungdom (aktør) og eit Ungdomslag (aktør) i samarbeid."

Under punkt 3. kva og kor mykje kan du søka om? og under støtte. Etter "Inntil 15000,- per søknad" tilføye "Alver Ungdomsråd kan i særlege tilfelle vurderer høgare støtte til søknaden".

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020:**

##### **Behandling:**

Orientering til saka v/Robert Lorang Hansen-spesialkonsulent, ungdom, fritid og medverknad og Eirik B. Utne-kultursjef

##### **Endringsframlegg 1. frå Thea Risøy-Krf:**

Stryke siste del av første avsnitt, «(til dømes kulturaktivitetar som kurs/tilbod om dans, musikk, graffiti, foto, design, arrangement,).»

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Thea Risøy-Krf, Jostein Borlaug-Ap, Anna Nordlund-SV)

##### **Endringsframlegg 2. frå Sean Røskeland-H:**

*Endring i punkt 8:*

Legg inn «sosiale medier». Den klart mest brukte plattformen for promotering og kommunikasjon blant unge. Det er i praksis ivaretatt av «anna kommunikasjonsmateriell», men nettopp sosiale medier er så sentralt at det bør spesifiseres.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg 2. vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 010/20 Vedtak:**

#### **Innstilling frå OKK - 10.03.2020:**

Kommunestyret godkjenner retningslinjer for Ungdomsrådmidlane slik dei ligg ved i saka, med endring i punkt 8:

Legg inn «sosiale medien». Den klart mest brukte plattformen for promotering og kommunikasjon blant unge. Det er i praksis ivaretatt av «anna kommunikasjonsmateriell», men nettopp sosiale medier er så sentralt at det bør spesifiseres.

## **011/20: Forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune - Høyring**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 24.april 2020.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020:**

#### **Behandling:**

Orientering til saka v/Leif Bjørnar Hopland-rådgjevar Oppvekst stab

#### **Endringsframlegg frå Thea Risøy-Krf:**

Saka blir sendt tilbake til rådmannen med bestilling om utgreiing:

- rundt Åsheim skulekrins med bakgrunn i historisk tilhøyrighet og avtale med Austrheim kommune.
- Leknes-elevane, som idag.

Tas opp igjen på neste møte, 28.april.2020.

Framlegget vart vedteke med 7 røyster (Sean Røskeland-H, Thea Risøy-Krf, Hege N Dale-Fnb, Svein Hagsæter-Fnb, Laila Bjørge-Sp, May Britt Vågenes-Sp, Jostein Borlaug-Ap)

#### **OKK- 011/20 Vedtak:**

Saka blir sendt tilbake til rådmannen med bestilling om utgreiing:

- rundt Åsheim skulekrins med bakgrunn i historisk tilhøyrighet og avtale med Austrheim kommune.
- Leknes-elevane, som idag.



Tas opp igjen på neste møte, 28.april.2020.

### **012/20: Prosedyre for opptak på annan skule enn nærskulen i Alver kommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til prosedyre for opptak på annan skulen enn nærskulen i Alver kommune vert vedteken

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020:**

##### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **OKK- 012/20 Vedtak:**

Framlegg til prosedyre for opptak på annan skulen enn nærskulen i Alver kommune vert vedteken

### **013/20: Prosedyre for tildeling av skuleskyss i Alver kommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til prosedyre for tildeling av skuleskyss i Alver kommune vert vedteke

#### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020:**

##### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **OKK- 013/20 Vedtak:**

Framlegg til prosedyre for tildeling av skuleskys i Alver kommune vert vedteke

## **014/20: Meldingar og orienteringar til OKK**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert teke til orientering.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020:**

#### **Behandling:**

Desse orienteringane vart gitt i møte:

- Kommunedelplan for oppvekst v/Rolf M. Raknes-fagansvarleg Plan og analyse og Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, kunnskap og kultur.
- Orientering om medverknadsprosjekt kommuneplanen sin samfunnsdel v/Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling.

### **OKK- 014/20 Vedtak:**

Saka vert teke til orientering.

**Arkiv:** FA-B0, TI-&00  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 02.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
017/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	28.04.2020

## **Forskrift om opptaksområde/ kringgrenser for grunnskulane i Alver kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune vert sendt på høyring med høyringsfrist 12. juni 2020.

### **Politisk handsaming**

Saka har vore til handsaming i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.2020.

*OKK- 011/20 Vedtak:*

*Saka blir sendt tilbake til rådmannen med bestilling om utgreiing:*

*- rundt Åsheim skulekrins med bakgrunn i historisk tilhøyrighet og avtale med Austrheim kommune.*

*- Leknes-elevane, som idag.*

Saka kjem no opp igjen i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 28. April. Etter høyringsrunde skal saka opp igjen i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 01.09.2020. Saka skal endeleg handsamast i kommunestyret 29.10.2020

Avtalen mellom Alver og Austrheim kommunar er vidareført neste skuleår.

Avtalen som gjeld elevar frå tidlegare Åsheim krins som no går på Kaland barne- og ungdomsskule, kjem opp igjen som eiga sak hausten 2020. Av den grunn er det berre Leiknes skulekrins som foreløpig er vidare utgreidd i denne saka.

### **Bakgrunn**

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har slått seg saman til nye Alver kommune frå 01. januar 2020. Forskrifter om opptaksområde for grunnskulane i dei tre dåverande kommunane må erstattast med nye. Rådmannen har utarbeidd framlegg til ny forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune.

Framlegget til ny forskrift er heimla i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 8-1 som gjev kommunen rett til å fastsetje forskrifter; «om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til.» Den lokale forskrifta om opptaksområde, også definert som skulekretsar, skal vere ein funksjon for korleis nærskuleprinsippet skal ivaretaast for den einskilde elev i kommunen. Den skal først og fremst sikre førehandsvisse for innbyggjarane i kommunen.

Forskrifta kan ikkje leggje vekt på omsyn som vil vere i strid med nærskuleprinsippet, eller opplæringslova sine formål. Forskrifta vil vere klarast om den legg vekt på objektive forhold som geografi og topografi. Forskrifta må imidlertid også opne for å leggje vekt på subjektive forhold, der spørsmålet om nærskuleprinsippet må verte avgjort i den konkrete sak.

Inndelinga i opptaksområde kan ikkje vere absolutt, jf. Ot.prp. nr. 46 (1997-1998) punkt 9.4. Forskrifta om opptaksområde må også opne for vurderingar knytt til den einskilde elev.

Høyingsinstansane vert no inviterte til å gje si vurdering av framlegget.

### **Saksopplysninger:**

Framlegget til forskrift tar utgangspunkt i nærskuleprinsippet og eksisterande opptaksområde i dei gamle kommunane. Nærskulen må liggje i bustadkommunen. Vedtak om skuleplass vil ta utgangspunkt i eleven si folkeregistrerte adresse.

For fleirtalet av dei noverande opptaksområda vil ikkje det nye framlegget til forskrift om opptaksområde medføre større endringar. Dei tidlegare forskriftene som regulerte opptaksområda har i stor grad fulgt nærskuleprinsippet og etablert tilhøyrlighet. Etter kvart som ein del skular har blitt lagt ned, har kringsgrensene endra seg og blitt til nye opptaksområde.

Det er opptaksområde før kommunesamanslåinga der nærskuleprinsippet ikkje har vore følgt. Elevar med adresse i deler av Sævråsvegen og Vabøvegen, i tidlegare Natås skulekrins, har Lindås barneskule som sin nærskule, men fleirtalet har gått på Myking skule. I dag gjeld dette åtte elevar som går på Myking og fire elevar som går på Lindås barneskule. Samla elevtal på Myking er 70 pr. februar 2020. Tre barn frå Vabø-området skal byrja på Myking til hausten. Gjeldande praksis er at desse elevane ikkje søker om å få gå på annan skulen enn nærskulen, men blir skrivne inn på Myking som er den skulen dei soknar til. Ca. 10 % av elevane på Myking skule kjem då utafrå nærskuleområdet til skulen, dette utgjør ein ikkje ubetydeleg del av det samla elevtalet. Myking skule er ein fådelt skule. Ein elevreduksjon på Myking skule vil kunne få konsekvensar for klasse/gruppestorleik og tal oppretta klassar. Rådmannen foreslår i framlegg til ny forskrift at ein heldt fram noverande opptaksområde.

Elevar som i dag bur i tidlegare Åsheim skulekrins har i dag anledning til å gå på Kaland skule i Austrheim kommune. Samarbeidsavtale mellom Austrheim kommune og dåverande Lindås kommune regulerer denne retten. Elevane på barneskulen, 1.-7. trinn, har i følgje denne avtalen Kaland barne- og ungdomsskule som sin nærskule. Elevane i Åsheim-kretsen som skal byrja på ungdomsskulen har etter søknad blitt gjeve retten til å gå på Kaland ut ungdomsskuleåra. Avtalen mellom Alver og Austrheim kommunar er vidareført for neste skuleår. Avtalen som gjeld elevar frå tidlegare Åsheim krins som no går på Kaland barne- og ungdomsskule kjem opp som eiga sak hausten 2020.

Kringsgrensene i Radøy kommune har stort sett vore samsvarande med nærskuleprinsippet. Unntaka heng saman delvis med etablert sedvane og endra vegnett. Etablering av ny veg/endra vegstandard har for nokon medført at annan skule enn den området vanlegvis har sokna til, har blitt nærskulen. Elevane i desse områda har stort sett halde fram med å gå på den skulen som tidlegare var deira nærskule. Dette gjeld særleg opptaksområda mellom Sæbø og Manger skulekrinsar.

T.d. har elevar frå Brattaule-området og nordover i Sæbø skulekrins Manger skule som sin nærskule etter folkeregistrert adresse, men dei går på Sæbø.

I nokre område har ein i praksis kunna velje kvar ein skal gå på skule.

Lokal forskrift om opptaksområde har som hensikt å skape føreseielege kringsgrenser for kva innbyggjarane skal halde seg til. Utgangspunktet er at elevar har rett til å gå på nærskulen. Rådmannen foreslår i framlegg til ny forskrift at ein heldt fram noverande opptaksområde på grunn av historisk tilhøyrlighet til skulane. Etter søknad vil elevar kunne takast inn på annan skule enn den eleven soknar til.

Krinsane i Meland kommune har for det meste samsvart med nærskuleprinsippet. Eit område som har vore unntak frå dette prinsippet, er grensa mellom Rossland og Vestbygd krinsar, der ein del av Vestbygd opptaksområde har Rossland som sitt nærskuleområde. Dette har i praksis lite å seie for elevtalet på dei to skulane. Rådmannen foreslår at noverande opptaksområder vert oppretthalde.

Ostereidet ungdomsskule har som eit av sine opptaksområde Leiknes skulekrins (vedtak kommunestyre Lindås 21.03.13). Dei fleste elevane i denne krinsen bur nærare Knarvik ungdomsskule og har etter søknad, og så lenge det er plass fått gå på Knarvik ungdomsskule.

Framgangsmåte for søknad er vedtatt av Levekår i Lindås kommune. Frå 2014 til 2019 har i snitt ca 6 elevar valt å gå på Ostereidet, men tala har variert frå 0 elevar i 2017 til 11 i 2019. Tal klassar på Ostereidet har variert mellom ein og to klassar dei siste åra. I dag er det 111 elevar på skulen. Det er venta små variasjonar i elevtal dei næraste åra. Ein reduksjon i elevtalet vil kunne medføre at det berre blir oppretta ein klasse på trinnet mot to i dag. Sjå vidare saksutgreiing i eige vedlegg.

Rådmannen foreslår at opptaksområdet til Knarvik ungdomsskule omfattar Leiknes skule. Forskriftene til opptaksområde skal vere ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretaast for den einkilde elev i kommunen. Det ligg ikkje innafor det kommunale handlingsrom å fastsetje forskrifter i strid med nærskuleprinsippet (jfr. UDIR tolkningsuttale 12.12.2014). Dei fleste elevane som i dag går på Leiknes skule søker om å få gå på Knarvik ungdomsskule, som og er deira nærskule. Det er svært begrensa adgang til å leggje vekt på kapasitet ved fastsetjing av forskrift om opptaksområde. Etter søknad vil elevar kunne takast inn på annan skulen enn den ein soknar til.

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på nærskulen. Rådmannen foreslår i framlegg til vedtekter at ein i hovudsak vidarefører krintinndelinga frå tidlegare kommunar som førande for opptaksområda. Eit unntak er elevar ved Leiknes skulen som får Knarvik ungdomsskule som sitt opptaksområde. Etter søknad vil elevar kunne takast inn på annan skule enn den eleven soknar til. Slik praksis er no, står ein i nokre buområde fritt til sjølv å velje kva skule ein skal gå på. I staden foreslår ein at spørsmålet om nærskuleprinsippet vert avgjort i den konkrete sak. Avtalen mellom Alver og Austrheim kommunar vert vidareført neste skuleår (2020/21). Avtalen som gjeld elevar frå tidlegare Åsheim krins som no går på Kaland barne- og ungdomsskule kjem opp som eiga sak hausten 2020. Lindås ungdomsskule har som no Åsheimkrinsen som sitt opptaksområde.

Oversikt over noverande opptaksområde er vedlagt.

**Vedlegg i saken:**

20.04.2020	Framlegg til forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver kommune	1374505
20.04.2020	Utgreiing Leiknes skulekrins	1374506
20.04.2020	Kart noverande opptaksområde Alver kommune	1374507

## FRAMLEGG TIL FORSKRIFT OM OPPTAKSOMRÅDE FOR GRUNNSKULANE I ALVER

Fastsett av kommunestyret i Alver dd mm 2020 med heimel i Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 8-1.

Forskrifta erstattar forskrifter om opptaksområde for grunnskulane i tidlegare Lindås, Meland og Radøy kommunar.

### § 1 Formålet

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på nærskulen. Lokal forskrift om opptaksområde for grunnskulane i Alver fortel kva område i kommunen som soknar til dei ulike skulane, også definert som skulekretsar. Forskrifta gjev innbyggjarane informasjon om kva dei har å halde seg til i framtida. Formålet med forskrifta er også å sikre forsvarleg kapasitetsutnytting ved dei ulike skulane. Når det vert fatta vedtak om skuleplass, vert det alltid tatt utgangspunkt i folkeregistrert adresse.

*Om ein skule ikkje har kapasitet og ikkje kan byggjast ut, kan kommunen fastsetje at elevane skal sokna til ein annan skule (fastsetjing av kringsgrenser). Kommunen har i slike tilfelle plikt til å informere om nærskuleprinsippet og at foreldre kan søkje om plass på annan skule enn det som er fastsett av kommunen.*

### § 2 Lovheimel

Opplæringslova § 8-1. seier dette om eleven sin rett til å gå på nærskulen eller den skulen ein soknar til:

*Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.*

*To eller fleire kommunar kan avtale at område i ein kommune soknar til ein skole i nabokommunen. Elles gjeld retten etter første ledd første punktum. Kommunane må gi likelydande forskrift om kva for område i kommunane som soknar til denne skolen. Kommunane skal opprette ein skriftleg samarbeidsavtale. Kommunestyret vedtar sjølv avtalen og endringar i denne. Samarbeidsavtalen skal minst innehalde fråsegn om:*

- a) opprekning av avtalepartane og kva kommune som skal drifte skolen som dei gitte områda soknar til*
- b) det økonomiske oppgjeret mellom kommunane, som kostnader til skyssordning*
- c) varigheita på avtalen*
- d) reglar for å tre ut av og avvikle samarbeidet, og*
- e) anna som etter lov krev avtale.*

*Etter søknad kan eleven takast inn på annan skole enn den eleven soknar til.*

Opplæringslova § 9A-12 seier dette om skulebyte:

*Ein elev i grunnskolen kan flyttast til ein annan skole enn den skolen eleven elles har rett til å gå på, dersom oppførselen til eleven i alvorleg grad går ut over tryggleiken eller læringa til ein eller fleire medelevar. Skolebyte skal likevel ikkje skje*

*dersom mindre inngripande tiltak vil kunne avhjelpe situasjonen. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar.*

### **§ 3 Kriterie for vurdering av full skule/trinn**

*Det kan leggjast vekt på kapasitet ved skulen når det vert vurdert om ein skule er full. Ein skule er full i nærskuleprinsippet sin forstand når elevtalet har nådd ei viss grense – skjønsmessig, pedagogisk og bygningsmessig.*

### **§ 4 Kriterie for fastsetjing av opptaksområde**

Fastsetjing av opptaksområde har utgangspunkt i kva som skal reknast som nærskulen. Dette vert avgjort av ei rekkje forhold omtalt i opplæringslova sine forarbeid, jf. NOU:18: 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). I tillegg til geografisk avstand er andre objektive omsyn som topografi, særleg farleg eller vanskeleg skuleveg og historisk tilhørsel tatt omsyn til.

### **§ 5 Opptaksområde barnesteget**

Som hovudregel vert opptaket av elevar gjort etter følgjande områdeinndeling for barnesteget:

Alversund, Austebygd, Eikanger, Grasdalen, Hordabø, Kløvheim, Knarvik, Leiknes, Lindås, Manger, Myking, Ostereidet, Rossland, Sagstad, Seim, Sæbø og Vestbygden er eigne krinsar.

### **§ 6 Opptaksområde ungdomsskulesteget**

Som hovudregel vert opptaket av elevar gjort etter følgjande områdeinndeling for ungdomsskulesteget:

1. Knarvik ungdomsskule har som opptaksområde Alversund, Knarvik, Leiknes og Seim skulekrinsar.
2. Lindås ungdomsskule har som opptaksområde Lindås og Myking skulekrinsar.
3. Meland ungdomsskule har som opptaksområde Grasdalen og Sagstad skulekrinsar.
4. Ostereidet ungdomsskule har som opptaksområde Eikanger, Kløvheim og Ostereidet skulekrinsar.
5. Radøy ungdomsskule har som opptaksområde Austebygd, Hordabø, Manger og Sæbø skulekrinsar.
6. Rossland ungdomsskule har som opptaksområde Rossland og Vestbygden skulekrinsar.

### **§ 7 Søknad om opptak ved annan skule**

Etter søknad kan elevar verta tatt opp ved annan skule enn det som gjeld som hovudregel.

Nærskuleprinsippet etter §8-1 gjev elevane ein rett til å gå på næraste skule. I vurderinga av kva som er næraste skule ligg både geografiske og trafikale tilhøve.

Ved søknad om opptak ved annan skule vil det utover nærskuleprinsippet verta lagt vekt på avstand til skule, trygg skuleveg, kvar søsken går, kapasitet ved skulane og eleven sine behov fagleg og sosialt.

Føresette må dekkja skyssutgifter sjølv. Unntak er der byte av skule skal sikra rettigheitar etter lova, t.d. retten til spesialundervisning eller trygt og godt skulemiljø.

Søknad om opptak ved annan skule enn nærskulen følgjer kommunal prosedyre for søknad om opptak ved annan skule enn nærskulen vedteken i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur dd.mm. 2020.

### **§ 8 Vedtak om skulebyte etter Opplæringslova § 9 A-12**

Ein elev kan i særlege tilfelle bli flytta til ein annan skule enn den eleven har rett til å gå på, dersom omsynet ti dei andre elevane tilseier det. Grunnen til at ein elev kan flyttas, kan t.d. vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar. Det skal vera prøvd andre tiltak før det blir gjort vedtak om å flytta ein elev. Om naudsynt kan ein elev bli flytta ut av kommunen, men ikkje slik at eleven må flytta ut av heimen eller at skuleskyssen blir uforsvarleg lang.

### **§ 9 Klagehandsaming**

Tildeling av skuleplass er eit enkeltvedtak. Klage på tildeling av skuleplass skal handsamast etter reglane i forvaltningslova. Fylkesmannen er klageinstans dersom ikkje kommunen gjev medhald i klagen. Elevar eller føresette kan klaga om dei meiner eleven ikkje har fått plass på den skulen som ligg nærast, eller ved den skulen som eleven soknar til. Ei slik klage skal handsamast etter reglane om nærskuleprinsippet, jf. opplæringslova § 8-1 første ledd.

### **§ 10 Iverksetjing**

Denne forskrifta gjeld med verknad frå vedtaksdato skuleåret 2020/2021.





## Forskrift om opptaksområde – vedlegg til sak

Utgreiing av Leiknes skulekrinsa med bakgrunn i vedtak i Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 10.03.20:

### **OKK- 011/20 Vedtak:**

*Saka blir sendt tilbake til rådmannen med bestilling om utgreiing:*

*- rundt Åsheim skulekrins med bakgrunn i historisk tilhøyrighet og avtale med Austrheim kommune.*

*- Leknes-elevane, som idag.*

*Tas opp igjen på neste møte, 28.april.2020.*

Merknad: Handsaming av Åsheim skulekrins vil komma opp som eiga sak haust 2020. Av den grunn omhandlar denne utgreiinga berre Leiknes skulekrins.

### **Leiknes skulekrins**

Leiknes skule er ein skule som har gått gjennom store endringar siste tiåra. Opptaksområde til skulen har hatt ei vesentleg befolkningsauke og skulen har vore rehabilitert og påbygd over tid. E-39 går gjennom skulekrinsen, og oppgradering og utbygging av vegnettet sidan 70-talet har medført at det no er kort avstand til Knarvik, samstundes som det og er god vegstandard til Ostereidet. Fram til 2014 var Leiknes skule ein del av Knarvik ungdomsskulekrins. Dette gjer at det historisk sett har vore Knarvik ungdomsskule som har vore den naturlege ungdomsskulen for Leiknes-bygda. Tilflytting, endra vegstruktur, fritidsaktivitetar og arbeidsmarknad er andre faktorar som kan forklara at ein del som bur på Leiknes føler tilhøyrigheit til Knarvik-området og at Knarvik ungdomsskule vert eit naturleg val som ungdomsskule for nokon.

Frå tidlegare saksutgreiing:

*Ostereidet ungdomsskule har som eit av sine opptaksområde Leiknes skulekrins (vedtak kommunestyre Lindås 21.03.13). Dei fleste elevane i denne krinsen bur nærare Knarvik ungdomsskule og har etter søknad, og så lenge det er plass fått gå på Knarvik ungdomsskule. Framgangsmåte for søknad er vedtatt av Levekår i Lindås kommune. Frå 2014 til 2019 har i snitt ca 6 elevar valt å gå på Ostereidet, men tala har variert frå 0 elevar i 2017 til 11 i 2019. Tal klassar på Ostereidet har variert mellom ein og to klassar dei siste åra. I dag er det 111 elevar på skulen. Det er venta små variasjonar i elevtal dei næraste åra. Ein reduksjon i elevtalet vil kunna medføra at det berre blir oppretta ein klasse på trinnet mot to i dag.*

Tal elevar til Ostereidet ungdomsskule \*

	Elevtal 7.trinn Leiknes	Av dei til Ostereidet U.
2014	22	5
2015	20	6
2016	17	4
2017	18	0
2018	21	6
2019	28	11
2020	23	6*

<sup>1</sup>foreløpig tal

\*I tillegg til elevtal 7.trinn Leiknes, kjem elevar som har komme tilflyttande til Hjelmås-bygda når dei skal ta til på ungdomsskulen eller i løpet av ungdomsskuleåra. Fleire av desse elevane har tatt til ved Ostereidet ungdomsskule.



Skuleår	Tal elevar Ostereidet ungdomsskule	Oppretta klasser 8.trinn	Tal elevar 8.trinn
2014/15	109	2	36
2015/16	110	2	38
2016/17	99	1	24
2017/18	86	1	26
2018/19	93	2	43
2019/20	110	2	40

**Frå tidlegare saksutgreiing:**

Rådmannen foreslår at opptaksområdet til Knarvik ungdomsskule omfattar Leiknes skule. Forskriftene til opptaksområde skal vere ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretaast for den einskilde elev i kommunen. Det ligg ikkje innafor det kommunale handlingsrom å fastsetje forskrifter i strid med nærskuleprinsippet (jfr. UDIR tolkningsuttale 12.12.2014). Dei fleste elevane som i dag går på Leiknes skule søker om å få gå på Knarvik ungdomsskule, som og er deira nærskule. Det er svært begrensa adgang til å leggje vekt på kapasitet ved fastsetjing av forskrift om opptaksområde. Etter søknad vil elevar kunne takast inn på annan skulen enn den ein soknar til.

Både kapasitet og for små elevgrupper har tidlegare vore vektlagt i grunngjevinga av å oppretthalde eksisterande opptaksområde, blant anna i vedtak kommunestyret 21.03.13. Det har i tidlegare prosessar vore løfta utfordringar med at det kan bli for mange elevar på Knarvik ungdomsskule og for få elevar på Ostereidet Ungdomsskule. Særleg er det uheldig om det er eit lite elevgrunnlag på ein ungdomsskule. Dette er knytt både til storleik på gruppene og sosial tilhøyrigheit samt anledningen til å sikre kvalifisert personale til alle dei ulike fagområda. Nokre år har det berre vore grunnlag for å oppretta ein klasse på 8.trinn. Om dette blir normalsituasjonen vil det kunne bety både at ein mister fagkompetanse fordi behovet er mindre, samt at tilsette vil vurderer å søkja seg til større fagmiljø enn det Ostereidet kan tilby. Ytterlegare nedgang i elevtalet på Ostereidet vil og kunna få konsekvensar for tilbodet til elevane som går på skulen, t.d. i språkfag. I dag kan elevane velja mellom to språkfag på ungdomsskulen.

Det er derimot begrensa adgang til å gjere slike reguleringar så lenge det ikkje er objektive grunnar for dette som t.d. topografi og vanskeleg skuleveg. Tolkningsuttaler av nærskuleprinsippet (UDIR svar til Fylkesmannen i Buskerud 2009, svar til Fylkesmannen i Nordland 2013, samt tolkningsuttale UDIR 2014) belyser spørsmål om skulestruktur og opptaksområde sett i lys av nærskuleprinsippet. Det same gjer forarbeid til opplæringslova, bl.a. Ot.prp. nr. 46 (1997-98)

Forarbeida opnar for at kapasitet kan vere eit omsyn som ein legg vekt på i ei forskrift. Det er derimot svært avgrensa adgang til å leggje vekt på kapasitet, både der ein skal avgjere einskildsaker og i fastsetjinga av forskrift om skulekretsgrenser. UDIR vektlegg i tolkningsuttale at det først er aktuelt å leggje vekt på kapasitet når det kan dokumenterast at ein skule er full. Ein kan uansett ikkje leggje vekt på framtidige kapasitetsproblem. Det er og vektlegginga av om ein skule er full eller ikkje som skal liggja til grunn, ikkje om ein skule er for liten, dvs har for få elvar. Kommunen kan ikkje nytta forskrift om opptaksområde til å fylle opp skulen fordi det er få elevar der.

*Det kan ikke legges vekt på hensyn som vil være i strid med nærskuleprinsippet eller opplæringslovens formål, for eksempel «lik belastning» på kommunens skoler, opprettholdelse av skoler med svakt elevgrunnlag, spredning av faglig sterke og svake elever, samling av*



**ALVER**  
KOMMUNE

*spesialundervisningselever osv. Kommunale forskrifter må således holde seg innenfor rammene som loven stiller opp. (UDIR: svar til Fylkesmannen i Nordland 04.02.13)*

Skulle t.d. Knarvik ungdomsskule bli vurdert som full, må ein gjere ei vurdering om flytting av alle elevane innafør opptaksområde på ein forsvarleg og likeverdig måte. Kommunen må fylle opp skulane kvart år med dei elevane som etter nærskuleprinsippet høyrer til den einskilde skule.



Arkiv: FE-243  
JournalpostID:  
Saksbehandlar:  
Dato: 14.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
018/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	28.04.2020

### **Prioritering søknader lokale kulturbygg Vestland fylkeskommune**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til lokale kulturbygg som følger:

- (1) Ungdomslaget Varden: rehabilitering og etterisolering av tak på Ungdomshuset Vardetun
- (2) Manger ungdomslag: kjøpentilbygg til Solvang Ungdomshus
- (3) Alver kommune: lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningsliner for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Alver kommunestyre.

#### **Bakgrunn**

Kommunen må prioritere søknadar til spelemidlar/tilskot til lokale kulturbygg – desentralisert ordning, på lik line som ved spelemidlar til ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg.

**Søknadane skal sendast Vestland fylkeskommune innan torsdag 30. april.**

#### **Saksopplysninger:**

Det ligg føre tre søknader i Alver for 2020:

#### **(1) Ungdomslaget Varden søkjer om tilskot på kr. 215.000 til rehabilitering og etterisolering av tak på Ungdomshuset Vardetun.**

Ungdomshuset Vardetun blei bygd i 1934, og er eigd av Ungdomslaget Varden i i Austebygd – tidlegare Meland kommune.

Taket som trengst skiftast er nær 90 år gammalt, og er ikkje lenger i god stand. Det er avdekka små lekkajsar og ein del roteskader i undertaket. Det er heldigvis enno ikkje påvist skadar på bærande konstruksjonar. Ein er også redd for at skiferstein kan losna, noko som kan medføre fare og i verste fall stenging av huset. Dette bør unngåast, då det er stor aktivitet i laget, med mange kulturaktivitetar for born og unge, så vel som til eldre. Eit tilbod som samlar folk frå heile regionen er «Hæla i taket», eit svært populært tilbod til seniorar.

Ungdomslaget Varden søkjer den fylkeskommunale ordninga om kr. 215.000. Tiltaket har fått

tilskot frå Meland kommune i 2017 og 2019 på totalt kr. 70.000, skal leggje inn eigenkapital på kr. 213.520 og eigeninnsats (dugnad) til utrekna verdi kr 146.860. Totalkostnad for prosjektet er kr. 645.380.

Det er svært viktig at arbeidet med taket blir gjort så snart som råd. Dette for at skadar ikkje skal få utvikla seg enda meir, og blir til eit så omfattande og dyrt arbeid at det ikkje let seg gjera for eit frivillig lag å skaffa midlar til dette. Rehabilitering og etterisolering av taket vil styrka Ungdomshuset Vardetun som kultur- og samlingshus. Ungdomslaget Varden vil òg stå betre rusta for framtida, som den viktige sosiale og kulturelle aktøren laget er i Alver kommune.

Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg, med søknadssum 215.000 kr.

## **(2) Manger ungdomslag søker om tilskot på kr. 428.000 til kjøkenutbygg til Solvang Ungdomshus**

Ungdomshuset Solvang vart bygd i 1919, og fungerer som ein kulturell møtestad i bygda. Manger Ungdomslag (MUL) er eigar og driftar av bygget, som vert drifta på dugnad. I 2014 vart bygget totalrenovert, unnateke kjøkenet då dette var for omfattande og kostbart til å ta i same operasjon. Styret har åra etter drifta huset med overskot kvart år og spart pengar til å kunna ta fatt på kjøkenet.

Solvang er eit lekkert forsamlingslokale og ein flott samlingsplass som vert brukt av heile bygda. Huset vert også brukt til aktivitetar i regi av MUL som samlar deltakarar i alle aldrar, mellom anna «Frisko» (diskotek for barn/unge 5.-7. klasse, kor ungdommar i 9. og 10. klasse har ansvar for billettsal, kiosksal, dansemusikk og konkurransar/aktivitetar), dataparty for ungdommar 7.-10. klasse ein gong i året, grendafester og basarar.

LHL Radøy avviklar sine seniordansetreff i Solvang. Kvar veke samlast 30-40 seniorar for danseøving og sosialt samvær.

Solvang vert leigd ut til innbyggjar i kommunen som vil arrangere bryllaup, barnedåp, åremålsdagar, konfirmasjonar, minnestund, barneselskap, 7. klassetreff, avslutning for konfirmantar, kurs, møter etc.

Solvang vert leigd ut mellom 35-45 gonger i året til avvikling av ulike forsamlingar.

Kjøkkenet i Solvang er gammalt og utdatert. Størrelsen på kjøkkenet gjer det nesten umogleg å lage mat til mange frå grunnen av. Dei fleste nyttar difor catering, noko som er vanskeleg å få til på ein god måte pga. manglande areal og benkeplass på kjøkkenet. Førespurnader om å få arrangera bryllaup i huset har auka dei siste åra, men kjøkenfasilitetane avgrensar dessverre bruken av huset:

- Val av kva meny ein kan velja vert avgrensa når maten ikkje kan lagast på kjøkkenet i Solvang.
- Tal på kjøkkenpersonell og servitørar må være færrest mogleg då det ikkje er plass nok til å jobbe om ein vert for mange.
- Manglande til luft og ventilasjon av kjøkkenet gjer det varmt og ubehageleg.
- Krav til ulike soner som skitten og rein, samt egen handvask som krevst ved tillaging av mat er ikkje tilfredsstillande.

For å sikre aktivitet og bruk i eit gammalt bygdehus er det viktig at huset er tilrettelagt for

aktivitetane ein ynskjer å ha i huset. Styret ser, og får tilbakemeldingar på at det tronge kjøkkenet er ein hemsko ved enkelte aktivitetar i huset. Arealet som vert frigitt ved å flytta kjøkkenet i eit nytt tilbygg er også sårt trengte kvadrat til lagring av bord og stolar.

MUL søker den fylkeskommunale ordninga om kr. 428.000. Dei skal leggje inn eigenkapital på kr. 702.000 og eigeninnsats (dugnad) til utrekna verdi kr 156.468. Totalkostnad for prosjektet er kr. 1.285.843.

Ungdomshuset Solvang har vore bygdas forsamlingslokale til alle anledningar i 100 år og styret ynskjer at Solvang skal vera eit forsamlingslokale som heile bygda kan ha glede av også i mange år framover. Tilskot/spelemidlar frå Vestland fylkeskommune vil gjera dette mogleg. Eit kjøkentilbygg vil styrka Ungdomshuset Solvang som kultur- og samlingshus. MUL vil òg stå betre rusta for framtida, som den viktige sosiale og kulturelle aktøren laget er i Alver kommune.

Søknaden får prioritet 2 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg, med søknadssum 428.000 kr.

### **(3) Alver kommune søker om tilskot på kr. 6.786.000 til lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.**

Første spatak for Alversund framtidige barneskule vart tatt av dåverande Lindås kommune hasuten 2019. Kulturdelen inngår i eit samla bygg med barneskule, fleirbrukshall, basishall, ungdomsklubb og avdeling for musikk/kulturskule-bruk. Alver kommune er eigar og vil stå for drift av bygningen når denne står ferdig hausten 2021.

Alversund er ein av dei største bygdene i Alver kommune, med nær 4000 innbyggjarar. Det er stor utbygging i området, og folketalet vil auka i åra framover. Bygda har eit aktivt kulturliv med grendalag, ungdomslag, kor, korps og aktivt kristenliv. I tillegg vil kommunen sjølv bli brukar gjennom desentralisert tilbod i kulturskulen.

Fleirbrukshallen vert utrusta med fast scene. Det vert bygd eige musikkrom med eit lite sceneplatå for øving og mindre arrangement, samt tre separate øvingsrom. Det vert bygd lager for korps og møterom/kontor for frivillige lag. Det vert bygd kioskkjøkken samt eit større kantinekjøkken til bruk ved større arrangement. Hallen får auditorium til utleige for frivilligeita. Den sentrale delen av bygget er tilrettelagt som amfi, her vert det lysrigg og lydanlegg for gruppeframføring. Hallen elles får speakeranlegg, og hovudhall er bygd utan vindu og med dimming på lysanlegg.

Alver kommune søker den fylkeskommunale ordninga om kr. 6.786.000. Totalkostnad for tilrettelegging av Alversund framtidige barneskule som lokalt kulturbygg er berekna til kr. 20.360.875.

Alversund er ei aktiv og folkerik bygd i Alver kommune, med eit stadig aukande folketal. Eit lokalt kulturbygg som del av Alversund framtidige barneskule vil styrka bygda og kunna gje gode og naudsynte tilbod til innbyggjarane. Bygda og skulen vil òg stå betre rusta for framtida, og bli ein viktig sosial og kulturell del av Alver kommune.

Søknaden får prioritet 3 på ordninga for spelemidlar til lokale kulturbygg, med søknadssum 6.786.000 kr.

Saka har vore til høyring hos Alver kulturråd, som sluttar seg til prioriteringslista for søknader til lokalekulturbygg.





**Arkiv:** FE-033  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 21.04.2020

Saksframlegg

Saknr.	Utvalg	Møtedato
019/20	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	28.04.2020

### Meldingar og orienteringar til OKK - 28.04.2020

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingar og orienteringar vert teke til orientering.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur

#### Bakgrunn

#### Saksopplysninger:

Orientering om oppfølging av verbalpunkt i høve til økonomiplanen v/Kristin Moe-kommunalsjef:

- Kompensasjon for ubunden tid for pedagogar i barnehagar.
- Rådmannen vil sjå på konsekvensar av økonomisk likebehandling av private og kommunale barnehagar.

Status korona-situasjonen for ansvarsområde Oppvekst v/Kristin Moe-kommunalsjef